

## Tinging av oppstartsmøte, Sauda kommune

I samsvar med § 12-8 i Plan og bygningslova, vil Omega Areal AS på vegne av Torkel Risvoll m.fl. sende inn planinitiativ og samtidig be om oppstartsmøte for reguleringsplan til nye fritidsbustader på Risvollia i Nordstøldalen, Sauda kommune.


Gards- og bruksnummer	21/4, 21/5, 21/13, 21/183, 21/188, 21/189, 21/190
Forslagsstillar	Torkel Risvoll m.fl.
Grunneigar(ar)	Torkel Risvoll (21/5, 21/188, 21/189, 21/190), Anne Karin Hoftun (21/4), Marte Gjøse (21/13). Sameige veg/parkering (21/183).
Fagkyndig (firma og person)	Omega Areal AS, v/ Elisabeth Silde og Kjerstina Særsten
E-post kontaktperson	elisabeths@omega.no

Skildring av planinitiativet:

jf. Forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering, §1. – Krav til planinitiativet

a) Føremålet med planen	Det er eit ynskje om å bygge opp mot 47 nye fritidsbustader i Risvollia ved å regulere til ytterlegare bygningar for fritidsbustadføremål. Det skal leggast til rette for felles parkeringsmoglegheit for grunneigarar og nye hyttetomter, samt friluftsområde og tilkomstvegar.
b) Planområdet, og vil planarbeidet få verknadar utanfor planområdet	Området ligg om lag 4 km vest-nordvest for Sauda sentrum, på vestsida av Risvollelva og Amdalsvegen. Planområdet omfattar hovudsakeleg området som er avsett til føremål for framtidig fritidsbusetnad i gjeldande kommuneplan, og utgjør eit areal på om lag


	<p>188 daa. Sjå figur 1 nedst i dokumentet for plangrenser.</p> <p>I tillegg til område avsett i kommuneplanen er det også teke med noko meir areal (ca 4 daa) i vestre del, dette for å få med nybygd traktorveg innanfor planområdet. Traktorvegen er tenkt oppgradert til bilveg. (Det aktuelle arealet er i KPA avsett til LNF og spreidd fritidsbusetnad.)</p> <p>I nord er plangrensa utvida for å sikre at eventuell ny/omlagd skiløype kjem med i planen (Dei ulike delene av dette området er i dag avsett til hhv. framtidig parkering, spreidd fritidsbusetnad og LNFr)</p> <p>I austre del av plan er eigedomsgrense for 21/5 og 21/183 følgd, i sør er eigedomsgrense for 21/5 følgd.</p> <p>Ei utbygging av fritidsbustadar i området vil medføre noko meir trafikk ved Amdalsvegen, og vil medføre meir inngrep i landskapet.</p>
<p>c) Planlagt busetnad, anlegg og andre tiltak</p>	<p>Det er ønske om å byggje opp mot 47 nye hytter i Risvollia. Det er lagt til grunn ei utbygging i samsvar med klynge-kategorien for fritidsbustadar jf. kommuneplanen, med hytter på inntil 120 m<sup>2</sup> BRA tilknytt tilrettelagte stiar og løyper. Tettleik 1 hytte på 4 daa, dvs 47 hytter.</p> <p>Framføring av infrastruktur skal vurderast med omsyn til naturinngrep og landskapsverknad.</p>
<p>d) Utbyggingsvolum og byggehøgder</p>	<p>Jf. kommuneplanen vil maksimal gesimshøgde vere 4m, medan maksimal mønehøgde vil vere 6m.</p>
<p>e) Funksjonell og miljømessig kvalitet</p>	<p>Materialbruk og utforming av fasade skal tilpassast slik at dei nye hyttene passar godt saman med landskapstypologiane som finst i området.</p> <p>Omsynet til allemannsretten og naturkvalitetar skal prioriterast og ivaretakast på ein god måte.</p>
<p>f) Tiltaketts verknad på, og tilpassing til, landskap og omgjevnadar</p>	<p>Området der det er ønskjeleg å bygge ligg i kupert terreng, og er plassert høgare oppe i terrenget enn dei eksisterande bygningane i sør-austre del av avsett areal. Det er ei målsetting at dei nye hyttene samt tilhøyrande veg og anna infrastruktur vert tilpassa</p>

	<p>terrenget, slik at landskapsformer vert bevart og hyttene ikkje vert sjenerande i landskapet.</p>
<p>g) Forholdet til kommuneplan, evt. gjeldande reguleringsplanar, retningsliner og pågåande planarbeid</p>	<p>Området der det er tenkt utbygging er i kommuneplanen sin arealdel 2019 – 2031 avsett til framtidige fritidsbustadar.</p> <p>Forslaget er dermed i tråd med overordna planar.</p>
<p>h) Vesentlege interesser som vert råka av planinitiativet</p>	<p>Forholda for eksisterande grunneigarar i den austre delen av avsett areal vil verte endra, då det vil komme meir trafikk og fleire hytter i området. Aktuelle gnr/bnr her er 21/1, 21/3, 21/166, 21/39, 21/42, 21/43, 21/44, 21/45, 21/46, 21/2, 21/62, 21/141, 21/100.</p> <p><b>Arealtypar og verdiar i og nær planen:</b> Planen ligg i eit område som hovudsakeleg består av lauvskog (uproduktiv). Hos Miljødirektoratet er planområdet og kringliggande areal definert som eit 'stort turområde utan tilrettelegging, kategorisert som viktig friluftsområde'.</p> <p>Myrområde - Det finst område med myr innanfor planområdet, sjå kart: (Henta frå kilden.nibio.no)</p>  <p>Lausmassekart – Området består av lausmassar i form av hhv. tynn og tykk morene, og ligg over marin grense.</p>

	<p>Kulturminne - Ingen automatisk freda kulturminne innanfor eller i nærleiken av planområdet. To seterbuer frå hhv. 1700- og 1800-talet som inngår i SEFRAK-registeret finst blant eksisterande bygningsmasse sør-aust for planområdet.</p> <p>Artar - Det er i 2009 registrert 1 observasjon av gauk direkte nord-vest for eksisterande busetnad. Gauk er vurdert som nær trua i norsk raudliste.</p>
<p>i) Korleis ivareta samfunns-sikkerheit, blant anna gjennom å førebygge risiko og sårbarheit</p>	<p>Aktsemdsomsråde - I nord-austre del grensar planen mot Risvollelva og langs denne er aktsemdomsråde for flaum (NVE, via terrengmodell). Sistnemnde område overlappar også til dels med eit areal der det er potensiell jordskredfare (NGU, lav nøyaktigheit).</p> <p>Veg - Amdalsvegen ligg om lag 200m aust for plangrensa. Det finst ikkje ÅDT-tal for vegen, men fartsgrensa i krysset ved innkøyringa til planområdet er satt til 50 km/t.</p> <p>Det vil bli gjennomført ROS- analyse i samband med planarbeidet, og funn i denne vil takast omsyn til i utforminga av planen og føresegnene.</p>
<p>j) Offentlege organ og andre interesserte skal varslast om planoppstart</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Rogaland Fylkeskommune</li> <li>• Statsforvaltaren i Rogaland</li> <li>• NVE</li> <li>• Mattilsynet</li> <li>• Haugaland Kraft</li> <li>• Sauda kommune</li> <li>• Idrettslaget Ny Von v/Knut Saua</li> </ul> <p>Me ynskjer innspel frå kommunen dersom det er andre offentlege instansar som må varslast.</p>
<p>k) Prosess for samarbeid og medverking frå myndigheiter, grunneigarar, festarar, naboar og andre.</p>	<p>Torkel Risvoll er forslagsstillar, og han, saman med Anne Karin Hoftun og Marte Gjose er grunneigarar. Desse vil vere aktivt involvert i prosessen. Me vil elles informere naboar og andre vedkomne med varslingsbrev, og kunngjere oppstart av planarbeidet i minst ei avis og på nettsida til Sauda kommune.</p>







Figur 2 – Kart som viser eksisterende vegnett i området, kjelde: kommunekart.com